



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Rambøll  
Storgata 25  
6002 ÅLESUND

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	24.06.2015	45643/2015/REGULERINGSPLAN/1525	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	21.08.2015

## **Stranda kommune - områderegulering - reguleringsplan - Svemorka - fråsegn til planprogram og varsel om oppstart**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **MERKNADER TIL PLANPROGRAMMET**

#### **Kulturminne og kulturmiljø**

Planprogrammet tek godt omsyn til temaet Kulturminne og kulturmiljø.

#### **Samferdsel**

Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at forbetring av gang- og sykkelvegnettet er ei målsetting i planprogrammet. Fylkeskommunen ser det som viktig at det blir tilrettelagt for eit godt samanhengande tilbod for mjuke trafikantar. Sikring av trygg skoleveg er særleg viktig, enten det gjeld fram til sjølve skolen eller fram til haldplass for buss. Det bør bli lagt til rette for at gange og sykkel er eit reelt alternativ for lokal trafikk. Det er viktig at det vert gjort ei heilskapleg vurdering av tilbodet for mjuke trafikantar i konsekvensutgreiinga.

Generelt sett er det òg viktig å leggje til rette for eit godt kollektivtilbod. Dette inneber mellom anna å legge til rette for generell framkome for buss, gode haldeplassar med universell utforming som er strategisk plassert nær bustadområder og arbeidsplassar. Dette vil bidra til at fleire reiser kollektivt.

Planprogrammet omtaler framtidig veg med riksvegstandard frå fv 60 til Engeset med tunnelinnslag. Dette vil krevje at det blir sett av betydeleg areal til framtidig veg. Om dette skal vere ein del av konsekvensutgreiinga bør grunnlaget for ein slik veg (trafikktalet, finansieringsmoglegheiter etc.) bli belyst.

### **INNSPEL TIL PLANARBEIDET**

#### **Kulturminne og kulturmiljø**

Vi har ingen vesentlege merknad til planen. Vi vurderer planområdet til å ha eit lågt potensial for funn av automatisk freda kulturminne, og vil difor ikkje stille krav om arkeologiske registreringar etter kulturminneloven § 9.

Vi gjer likevel oppmerksom på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf kulturminnelova § 8, andre ledd. Dette bør også gå fram av føresegnene.

### **KONKLUSJON**

Vi har merknader til planprogrammet i forhold til samferdsel, mjuke trafikkantar, kollektivtrafikk og til liggjande veg.

Vi finn ikkje grunnlag for å stille krav om arkeologiske registreringar.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03 / 99 22 81 03  
Samferdsel: rådgivar Heidi Nerland, tlf. 71 25 86 77

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her